

Dialogmøte om støtte til grønne omstillingsprosjekt

12/09 2022 10:00 - 13:00

Ålesund, Pir

Publisert: 02.06.22 Oppdatert: 07.06.22



Vi inviterer bedrifter og kommunar til dialog om kva Innovasjon Norge, Forskingsrådet og Møre og Romsdal fylkeskommune kan bidra med av rådgiving og støtte til grønne omstillingsprosjekt.

Aktørar treng ikkje å ha erfaring med forskning- og innovasjonsprosjekt for å delta.

Vi står føre ei omstilling til ein grøn økonomi med fokus på nye berekraftige løysingar. Nyskaping og omstilling er risikabelt. Risikoavlastning er viktig for realisering av nye krevjande prosjekt, og verkemiddelapparatet kan hjelp til å realisere prosjekta.

Her får du meir informasjon om:

- Gjeldande verkemidlar og moglegheiter
- Korleis utvikle prosjekt frå ide til realisering gjennom samarbeid med kundar, leverandørar, offentleg verksemder og forskingsmiljø.

Du får også høyre erfaring frå gode forskings- og innovasjonsprosjekt.

Når: Ålesund: Pir - 12. september 10:00 - 13:00 (lunsj frå kl 12:00)

Kontakt



Anna-Marie Hatlestad
Rådgivar
71 28 02 11 / 924 42 568
[Send e-post](#)

